



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hallvard Hageberg, 5557 2318

Vår dato
11.11.2014
Dykkar dato
24.10.2014

Vår referanse
2014/12860 471
Dykkar referanse
Rune Ones

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS
Lindåsvegen 1260
5956 HUNDVIN

Løyve til mottak av muddermassar frå Jotun Manger på Kjekkdalen avfallsdeponi

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap (NGIR) får løyve til å deponera om lag 2 100 m³ muddermassar på deponiet i Kjekkdalen.

Vi viser til søknad med vedlegg av 24. oktober i år om løyve til mottak og deponering av om lag 2 100 m³ mudringsmassar frå nokre område utanfor Jotun Manger sin tidlegare fabrikk i Radøy kommune.

Vedtak

Fylkesmannen gjev løyve til deponering av inntil 2100 m³ mudringsmassar frå Jotun Manger. Løyvet gjeld i tillegg til eksisterande løyve til deponering og mellomlagring av avfall i Kjekkdalen gitt av Fylkesmannen i Hordaland 29. juni 2009, og på vilkår som vist nedanfor. Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og 29. Fylkesmannen har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket vil føre til.

Vilkår for vedtaket

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyvet er avgrensa til å gjelde omsøkte massar i samband med mudringstiltak ved Jotun sitt anlegg i Radøy kommune.
2. Deponeringa skal skje i samsvar med gjeldande løyve til Kjekkdalen avfallsdeponi av 29. juni 2009 og avfallsforskrifta kapittel 9.
3. Deponeringa skal evaluerast og resultata skal sendast Fylkesmannen innan seks veker etter at deponeringa er avslutta.
4. NGIR skal kontrollera at mottekne mudringsmassar samsvarar med opplysningane i rapporten Sedimentundersøkelse sjø - Risikovurdering trinn 2, Multiconsult, 2. februar 2012, gjennom stikkprøvar slik det går fram av søknad frå NGIR datert 24.10.2014.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18.

At vi har gjeve løyve til forureininga, fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulepper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontollova og forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av forskriftene er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til Miljødirektoratet sine heimesider, www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Brot på utsleppsløyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova, produktkontollova og forskrifter, er straffbare.

Saksframstilling og grunngjeving

Det er gjort miljøtekniske undersøkingar av eit område utanfor Jotun AS sitt anlegg på Manger, Radøy kommune. Det er påvist verdiar av både organiske og uorganiske miljøgifter som er høgare enn for upåverka område. På bakgrunn av dette er det laga ein tiltaksplan, der det er definert tre område der det er naudsynt å fjerna forureina sediment:

- Eitt område ved kaien på området. I dette området finst prøvestasjonane PR 1, PR 2, PR 3, PR 22, PR 23 og PR 24.
- Eitt mindre område rundt PR 13.
- Eitt mindre område rundt PR 16.

Det er søkt om å få levera avvatna muddermassar frå desse tre områda til NGIR sitt deponi i Kjevikdalen. Av søknaden går det fram at massane skal avvatnast til eit tørrstoffinnhald på minst 75 % før dei vert leverte på deponiet. Fylkesmannen legg til grunn at tiltaket i dei forureina sedimenta og eventuelle utslepp frå avvatninga skjer innafor rammene av utsleppsløyve frå Miljødirektoratet (tidlegare SFT/Klif).

Etter § 9-4 i avfallsforskrifta er det lov å deponera forureina jord og forureina muddermassar på deponi. Då deponiet i Kjevikdalen fekk nytt løyve i 2009, valde vi å seia at muddermassar måtte omsøkjast særskilt. Dette vart gjort fordi det ikkje var søkt om slik deponering, og at lukt og andre ulemper måtte vurderast for kvar sak. Dette går fram av punkt 2.3 a) i løyvet.

I løyvet til deponiet i Kjevikdalen er det i vedlegg A teke med ei liste med grenseverdiar for ulike tungmetall og organiske miljøgifter. Når verdiane ligg under desse grensene, kan forureina jord deponerast utan utlekkingstestar.

Innhaldet av ulike tungmetall og miljøgifter i omsøkte massar tilseier at mudringsmassane skal klassifiserast som ordinært avfall. Samanlikna med dei grenseverdiane som er gitt i gjeldande løyve for deponering av forureina jord, kjem desse massane også under grensa der vi krev utlekkingstest og nærmare risikovurdering. Denne vurderinga er basert på opplysingane i rapporten "Sedimentundersøkelse sjø. Risikovurdering trinn 2", datert 2. februar 2012, utarbeidd av Multiconsult AS

Ved deponiet i Kjevikdalen er det tidlegare teke imot muddermassar etter løyve dagsett 25.februar 2011 gjeve av Fylkesmannen i Hordaland. Dette er evaluert etterpå av NGIR, og evalueringa syner m.a. at det er godt samsvar mellom stikkprøvar og resultata frå dei undersøkingane som var gjort på førehand. Det var heller ikkje problem med lukt, korkje ved mottak av massane eller ved lagring og handtering av dei.

Denne søknaden er handsama utan utlegging til offentleg ettersyn, jf. § 36-7 andre ledd bokstav b) i forurensningsforskrifta. Vi vurderer vedtak om løyve til deponering av omsøkte

muddermassar i Kjевikdalen til å ha “... mindre miljømessig betydning”, fordi massane i konsistens og innhold ikkje skil seg vesentleg frå andre massar som det er lov å deponera. Søknaden om nytt løyve for Kjевikdalen var lagt ut til offentleg ettersyn mellom 8. mai og 8. juni 2009.

Vedtaket vil også vera avgjerande for å kunna utføra nødvendig miljøopprydning ved Jotun Manger. Etter det vi har fått opplyst skal arbeidet med dette startast om kort tid.

Vi ber likevel NGIR sjå til at løyvet vert etterkunngjort med opplysning om at fylkesmannen sitt vedtak kan påklagast.

Gebyr

Fylkesmannen tek sakshandsamingsgebyr for arbeid med utsleppsløyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert dette tiltaket under gebrysats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Verksemda skal betale 20 600,- kroner i gebyr for løyvet. Gebrysatsen er vald basert på Fylkesmannens ressursbruk ved handsaming av søknaden. Miljødirektoratet sender faktura.

Rett til å klage

Partane som er involvert i saka og andre med særlege interesser kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Denne avgjerdan kan ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebrysats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage skal vere grunngitt. Send klagen til Fylkesmannen i Hordaland innan tre veker.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan de få ved førespurnad til Fylkesmannen. Andre opplysningar om sakshandsamingsreglar og andre reglar av verknad for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Vurdere endring av løyve

Dersom NGIR vil leggja til rette for mottak av mudringsmassar framover, bør verksemda vurdere å søkje om permanent endring av løyvet av 29. juni 2009, slik at det omfattar deponering av lavt forureina mudringsmassar.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

| | | | |
|-------------------|-----------------------|------|-----------|
| Radøy kommune | Radøyvegen 1690 | 5936 | Manger |
| Lindås kommune | Kvernhusmyrane 20 | 5914 | Isdalstø |
| Miljødirektoratet | Postboks 5672 Sluppen | 7485 | TRONDHEIM |